

Foreldreinfo november 2023

FAU/SU/SMU



Det har vore møte i både FAU og SU/SMU i november. De finn referat frå FAU [her](#) og SU/SMU her. Nokre av sakene overlappar kvarandre.

Monika Vassbø er nyvalgt representant i SU/SMU frå politikhald. Me ønsker Monika velkommen til samarbeid dei neste 4 åra!

FAU vil laga skulelunsj 11. desember, det gler vi oss til!



Heim-skule samtalar

No er samtalar gjennomført på alle trinn. Me håper de opplever samtalane som nyttige, og at de kan ta opp spørsmål de har eller utfordringar barnet kan ha.

På Udir.no (utdanningsdirektoratet) står det følgande om heim-skule samarbeidet:

God kommunikasjon mellom heim og skule bidrar positivt til skolens arbeid med læringsmiljøet og til elevenes oppvekstmiljø

Dette er henta frå generell del i læreplanverket til skulen. Skule og heim er dei to arenaer der barn oppheld seg mest, og er difor svært viktige for oppveksten. Eit godt samarbeid, og skule og heim si haldning til kvarandre, kan vera avgjerande for elevane sin innsats og engasjement i eiga læring. Difor håpar me at de opplever samarbeidet som godt, og om det er noko me kan gjera annleis, meir eller mindre av så håper me de tek tidleg kontakt.

Les gjerne meir om samarbeidet heim-skule [her](#).

Elev- og foreldreundersøking

SMS med invitasjon er sendt ut til ein av dykk føresette. Me set veldig pris på om det kan ta dykk tid til å svare på denne.

Elevane vil gjennomføre si undersøking i skuletida. Viser til tidlegare tilsendt informasjon om undersøkingane.

Resultat frå begge undersøkingar vil bli gjennomgått i SU/SMU når resultatata føreligg.

Markering av adventstida

1. desember har vi vardesamling på skulen. Her syng vi, rektor seier nokre ord og så tenner vi lysa på grana. Barnehagen er og invitert ned. Elevane kan ha med telys i krukke til samlinga, gjerne batteridrevne lys.



Tips frå PPT til deg som kjenner barn med ADHD:

[Artikkel fra ADHD Norge](#)

[Artikkel fra NHI](#)

Det nærmar seg desember og vinterlys dukkar opp så smått rundt i bygda. På skulen planlegg me juleverkstad for 1.-7. trinn, skuleball for ungdomstrinnet, vardesamling, skulegudsteneste, samlingar, nissebesøk, Lucia-opptrinn mm. Alle tradisjonar som høyrer til på Vikeså skule. Nokre av elevane våre skal oppleve jula i Noreg for første gong, det er kjekt å inkludera dei i desse tradisjonane våre.

Ønsker dykk alle ei god ventetid fram mot ferien. Hugs å sett av tid til å gjera «ingenting» i lag og..

Mvh

Svanhild Gjedrem

rektor

